



Askøy kommune  
Postboks 323  
5323 KLEPPESTØ

Dato: 06.10.2015  
Vår ref.: 2014/1141-13  
Saksbehandlar: evataul  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til plan 368 - Askøyparken, Askøy kommune

Vi viser til brev datert 18.08.2015 om høyring av forslag til detaljregulering for Askøyparken. Hovudføremålet i planen er kjøpesenter, forretning og tenesteyting. Føremålet er delvis i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bebyggelse og anlegg- forretning, tenesteyting og LNF-område. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 30.08.13.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internetsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Senterstruktur og handel

Regional plan for attraktive senter vart vedtatt i 10.12.2014. Det er eit hovudmål i planen at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket. Kapittel 4 i planen; Handel og kjøpesenter, omhandlar lokalisering og dimensjonering av nye handelstilbod. Det er eit overordna mål i planen at sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksem dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.

Planen har regionale føresegner for arealbruk. Desse erstattar *Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* frå 2008. I pkt. 4.1 går det mellom anna fram at: «Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3000m<sup>2</sup> krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i regional plan for attraktive senter. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller kommuneplan etter 10.12.2014. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.

Planforslaget legg opp til 40 000m<sup>2</sup> nytt forretningsareal. Dette er ikkje i samsvar med den regionale planen. For å vurdere eit evt samtykke må det utarbeidast handelsanalyse. Retningslinjene pkt 4.2 seier at handelsanalysen skal gjennomførast av planfremjar som del av ny reguleringsplan. Retningslinjene setjer også krav til innhald og vurderingspunkt i analysen.

#### Samferdsel

Halvparten av klimagassutsleppa i Hordaland kjem frå transport, når olje- og gassverksemda ikkje er medrekna. Fylket står framfor ein vekst i folketal på 150 000 innbyggjarar mot 2040, med tilhøyrande kraftig

trafikkveksten. Trafikkvekten skal takast kollektivt og gjennom sykkel og gange. For å nå målet om 30 % reduksjon av klimagassutsleppa innan 2030, må i tillegg ein stor del av køyretøya over på fornybart drivstoff. Utbyggingsmønsteret er førande for transportbehovet. Langsiktig arbeid for å redusere transportbehovet internt i ulike sentrum og mellom sentra i fylket er nødvendig for å redusere trafikkveksten.

Ut frå både eit folkehelse- og trafikktryggleiksomsyn er det viktig at kommunen satsar på utbygging av gang- og sykkelvegar. Målpunkt for barn og unge skal kunne nåast med sykkel. Eit sentralt mål for Askøy kommune må vere at fleire vel sykkel, gange og kollektivt framkomstmiddel framfor personbil. Det er heilt sentralt at mjuke trafikantar prioriterast høgt i planarbeidet framover. Med stadig auke i personbiltrafikk på Askøy er det fleire stader særslig utfordrande og til dels farleg å vere mjuk trafikant.

Alt arbeid i samband med fylkesvegen, til dømes avkjøringar, skal følgje Statens vegvesen sine vegenormar. Det er viktig at Askøy kommune er i tett dialog med Statens vegvesen for å syte for at trafikktryggleik og mjuke trafikantar vert ivaretatt.

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for den offentlege kollektivtransporten i heile fylket. Det er viktig at busstopp ved Kleppe skule langs fylkesveg 216, som er eit målpunkt for barn og unge, blir ivaretatt ved ny løysning. Samferdselsavdelinga legg til grunn at det må vere trafikksikker tilgang til haldeplassar ved fylkesvegen.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. I samband med varsle oppstart av plan i 2013 vart det gjennomført ei arkeologisk registrering i planområdet. Registreringa påviste ikkje funn av automatisk freda kulturminne. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Vi gjer elles merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd, og til straks å melde i frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med gjennomføring av tiltaket skulle støtte på automatisk freda kulturminne, jfr. kulturminnelova § 8, 2. ledd. Slike funn kan til dømes vere trekolkkonsentrasjonar, steinkonstruksjonar, gjenstander og reiskapar av stein eller metall, m.m.

## **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget. Vi vurderer å tilrå motsegn. Grunngjevinga er omsynet til senterstruktur og handel som er nedfelt i Regional plan for attraktive senter.

Motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.

Vi ber no om:

1. Handelsanalyse for tiltaket i planen.
2. Drøftingsmøte med kommunen så snart som råd.
3. Utsett frist. (Sjå Rundskriv T-2/2003 frå Miljøverndepartementet punkt 3.4).

Marit Rødseth  
plansjef

Eva Katrine R. Taule  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Eva Katrine Ritland Taule, Planseksjonen - Regionalavdelinga  
Kjetil Sigvaldsen, Transportplanseksjonen - Samferdselsavdelinga  
Heidi Handeland, Fylkeskonservatoren – Kultur- og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland